

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 28.02.2012 kl. 16.05
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles tilstades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad, og Svein Kvaløy

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Kurt Løvoll

Frå Stranda kommune møtte ordførar Jan Ove Tryggestad og assisterande rådmann Kjartan Lied.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølgen:

SAK 01/12 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 24. NOVEMBER 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 24. november 2011 blir godkjent.

SAK 02/12 ÅRSMELDING 2011 – STRANDA KONTROLLUTVAL

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2012 for Stranda kontrollutval.

SAK 06/12

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I VALPERIODEN 2011 TIL 2015

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2012

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Det blir utført selskapskontroll av Strandafjellet Skisenter AS. Med samtykke frå selskapet blir kontrollen gjennomført som forvaltningsrevisjon. Stranda kommune vil som største deleigar tilrå slik revisjon.
2. Det blir utført løpande kontroll med kommunen si oppfølging av vedtak knytt til selskapskontrollrapport frå 2009, som gjaldt alle heileigde kommunale selskap.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å lage nærare definert mandat i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

SAK 07/12

KOMMUNESTYREVEDTAK I SAK 140/11 OM DOKUMENTASJON AV VAR KOSTNADER

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet vil avvente oppfølging av saka til rådmannen har lagt fram ei sak for kommunestyret om vedtaksgrunnlaget for sjølvkostutrekningane innan VAR- området, jf kommunestyret sitt vedtak i sak KOM – 140/11.
2. Kontrollutvalet føreset at dette arbeidet er avslutta seinast ved rekneskapsavslutninga for 2011.

SAK 05/12

STATUSRAPPORT FRÅ KOMMUNEREVISJONEN – REKNESKAPSREVISJON OG FORVALTNINGSREVISJON. EVENT. SKRIFTLEG MATERIALE VIL KOMME SEINARE

Orientering gitt av dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 08/12

MØTEPLAN 1. HALVÅR 2012

Kontrollutvalet drøfta møteplanen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtedatoar for resten av halvåret blir desse: 27.03.2012, 09.05.2012 og 14.06.2012.

SAK 03/12**OPPGÅVER FOR KONTROLLUTVALET, OVERSIKT OVER SAKSTYPAR OG ÅRSHJUL**

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2012

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet vil vurdere kontrollar inn mot oppfølging av politiske vedtak, premisser for administrasjonen sine prioriteringar, implementering av Verdikommune Sunnmøre (jf eigen rapport). Til neste møte blir leiar gitt fullmakt til å innhente opplysningar om Strandafjellet KF og Strandafjellet Skisenter AS sin økonomi.
2. Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/12**EIN EVENTUELL SPØRJERUNDE OM KONTROLLUTVAL OG REVISJON, JF UTLEVERT KONTROLLUTVALBOK.****Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Saka vart ikkje behandla.

SAK 09/12**ARBEIDSDELING I KONTROLLUTVALET****Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Inge Gjærde følgjer opp saksdokument og vedtak i føretaka. Tilsvarande for Randi Strand Overaa blir formannskapet, Magnar Furset tek kommunestyret, Eva Rinde Habostad tek helse og omsorg, kultur samt overordna planutval og Svein Kvaløy tek området miljø og kommunal teknikk.
2. Den av utvalet sine medlem som vender seg til kommunen for å få saksdokumenta i papirversjon skal ha det.
3. Forøvrig tek kontrollutvalet saka til orientering.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
medlem
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Svein Kvaløy
medlem
(sign.)

